



Møre og Romsdal fylke



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	Doknr:
2006/00028	- 6
Mottatt:	18 DES 2006 LP/NM
Saksbeh.:	AKK: 66
Kopi:	Avskrift:

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		FE: 2005/290/KREI/632.0	Kristin Eide, 71 25 81 35	14.12.2006

Rapport - Matglede og matmangfald 2006 - Møre og Romsdal fylke

Bakgrunn

Satsinga på "Matglede og matmangfald i skulen" i Møre og Romsdal er ei vidareføring av prosjektet med samme namn frå 2005. Målet var den gong, og er framleis, "å etablere sunne matvanar og skape gode matopplevingar i skulen, samt å skape større interesse og kunnskap om verdien av lokal matproduksjon, trygg mat og tradisjonsmat".

Møre og Romsdal fylke fikk tildelt kr 150 000,- frå Landbruks- og Matdepartementet (LMD) til satsinga i år, mens Møre og Romsdal fylke auka denne ramma til totalt kr 365 000,-. Viser ellers til søknad om midlar til lokale og regionale tiltak for å vidareutvikle tilbudet av sunn mat til barn og unge, datert 20.03.2006 og revidert budsjett og oppdatert prosjekt og framdriftsplan, datert 09.06.2006.

Samarbeid med andre satsingar i Møre og Romsdal fylke

Møre og Romsdal fylke har ei tung og brei satsing på helse og kosthald. Ved å kople ulike fagmiljø og satsingar vil vi oppnå betre resultat og ei meir målretta satsing, enn kvar for oss. Prosjektet er koordinert med "God Helse", "Fysisk aktivitet og måltider i skulen" og "Entreprenørskapsprogrammet". Vi nyttar erfaringar i frå "Kortreist Mat". Landbruksnæringa har så langt tilført ein ekstra dimensjon i arbeidet innan kosthald og helse, ikkje minst i høve til bruk av økologisk mat og lokal mat.

Tildeling

Gjennom samarbeid med "Fysisk aktivitet og måltid i skulen", ved utdanningsavdelinga i fylket, valde vi å nytte søknader frå skulane som hadde søkt på denne satsinga. Hovedårsaka til dette var at midlane frå LMD kom 18.mai, og det ville vore knapt med tid hvis skulane skulle vore nødd til å søke spesielt på desse midlane. Vi har erfaring med at midlane vert betre bakt inn i skulane sine planer, om dei får tildelt midlane før skulen sine øvrige planer for neste skuleår er ferdige.

Dei 17 utvalgte skulane er lista opp i tabellen nedafor. Tabellen viser vidare at alle skulane fikk ein fast sum på kr 5 000,-, og deretter kr 95,- per elev. Dei fleste av desse skulane fikk òg midlar i satsinga "Fysisk aktivitet og måltider i skulen". Årsaka var at desse skulane hadde gode satsingar både på fysisk helse og matglede. Det var viktig for Møre og Romsdal fylke å koordinere våre satsingar, for å oppnå betre resultat og ei meir målretta satsing.

SKULAR	fast sum	ant. elever	sum pr elev	sum kr
Riksfjord skule	5 000	326	95	35 000
Bud b/u skule	5 000	200	95	25 000
Leine skule	5 000	50	95	10 000
Stokksund skule	5 000	152	95	20 000
Skjevik b/u skule	5 000	90	95	15 000
Eresfjord b/u skule	5 000	63	95	10 000
Isfjorden skole	5 000	174	95	20 000
Liabygda skule	5 000	28	95	10 000
Straumsnes b/u skole	5 000	133	95	20 000
Skarbø skule	5 000	50	95	10 000
Spjelkavik b skule	5 000	530	95	50 000
Spjelkavik u skule	5 000	460	95	50 000
Vike friskule	5 000	47	95	10 000
Vistdal skole	5 000	45	95	10 000
Sandsøy b/u skule	5 000	54	95	10 000
Sykkylven u skule	5 000	319	95	35 000
Sjøholt skule	5 000	220	95	25 000
SUM				365 000

Tilbakemeldingar frå skulane

Det er 4 skular som hittil har bedt om sluttutbetaling, og dermed levert rekneskap og rapport over kva dei har brukt alle midlane til. Fleire skular har bede om utbetaling av 75 % på forskot, sidan vi enno berre er halvvegs i skuleåret.

Av dei som har levert rapport er det fleire som har brukt heile eller deler av beløpet til å auke bruken av frukt og grønt på skulane. Dei har òg vore flinke til å kople sunn mat og matlagning saman med andre arrangement i skulen, eller at midlane har vore brukt i samanheng med elevbedrifter som sel sunn mat på skulen. Ein av dei fire skulane har vore på lokale gardar, gartneri der dei blant anna har hausta korn og grønnsaker. Det er med andre ord ei stor spennvidde i kva skulane bruker midlane til. Vi ser fram til å få inn rapport frå dei resterande 13 skulane som er med på Matglede og matmangfald i Møre og Romsdal 2006.

Erfaringsutveksling

Sjølv om alle midlane er gått til sunn og lokal mat til elevane, vil landbruksavdelinga vere med på en fylkeskonferanse i april 2007 der skulane skal ha erfaringsutveksling. Denne konferansen er i regi av utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylke.

Med helsing


Kari Wiggen
Fylkesjordbrukssjef


Kristin Eide
Fylkesagronom

Vedlegg: Rekneskapsutdrag